

MAN350

Emnerapport

Våren 2023 blei emnet MAN350 fullevaluert. Denne rapporten baserer seg på både eigenvurderingar (frå fagansvarleg Øyvind Vågnes og faglærer Kjersti Steinsbø) og studentevalueringar.

MAN350 er utgjert av andre studieår på MAN-MASV, Manusutvikling for seriar. Våren 2023 vart fem studentar uteksaminert av totalt sju; to har laga fullføringsavtale og tek sikte på å levere i desember. Tre av studentane har fylt ut evalueringsskjema, men rapporten byggjer også på tilbakemeldingar fagansvarleg har fått munnleg i samtalar gjennom året. Det er jamn og tett dialog mellom studentar og undervisarar på dette emnet. Dette er mogleg fordi studenttalet ikkje er stort, men også fordi fagleg stab satsar systematisk og strategisk på jamnleg kommunikasjon med studentane på studiet, både formelt og uformelt. I evalueringar får vi høyre at vi er uvanleg tilgjengelege. Dette er også ei kjelde til trivsel på studiet, og høge scores i studiebarometeret. Berre ein student har slutta på studiet sidan oppstart i 2017, og då av ikkje-faglege årsaker.

MAN350 er bygd rundt to store komponentar: Skrivning av masteroppgåve og utplassering (sistnemnte i haustsemesteret). Denne rapporten inneheld vurderingar og refleksjonar om begge semester, sidan det er unaturleg å sjå dei uavhengig av kvarandre. Etter endt utplassering lagar studentane ein rapport. Denne inngår også i materialet fagansvarleg har sett på i utforminga av rapporten.

Masteroppgåvene består av manusarbeid og ein akademisk komponent (refleksjonsnotat). Etter at karakter er gitt av kommisjon, brukar studentane å få tilbod om ein samtale om den faglege vurderinga med kommisjonen. Vi opererer ikkje med justerande munnleg, då det ikkje gir meining å revurdere evalueringa av eit kreativt skrivearbeid basert på ein samtale om det. Eit anna vesentleg aspekt ved studiets avsluttande fase er at studentane seint i vårsemesteret pitchar/presenterer sine masteroppgåve-prosjekt for NRKs dramasjef. Dette er eit viktig innslag, og inngår i den faglege tilbakemeldinga på arbeidet som er gjort. Måten vi løyser den siste fasen av studiet på ser ut til å fungere svært godt. Vi har ingen kritiske tilbakemeldingar på dette, verken frå studentar, stab eller sensorar. Sidan vi starta studiet i 2017, har berre ein student takka nei til ein samtale med sensor i etterkant av levert oppgåve; innslaget er opplevt som svært givande.

Utplasseringskomponenten har vore i stadig utvikling sidan studiets første kull var ute i bransjen hausten 2019. Pandemien var krevjande, og tidvis i åras etableringsfase låg ansvaret for å fasiliterer utplassering i høg grad på fagansvarleg og faglærer. Då ein bransjekoordinator etter kvart kom på plass, hadde det ei enorm betydning for dette studiet, og særleg etter at denne rolla har stabilisert seg etter at Helena Johnsen tok henne – dette har hatt ein stor innverknad på utplasseringa som skal skje i neste semester, altså hausten 2023.

Kor nøgde studentane er med utplasseringa kjem i stor grad an på opplevinga dei har av å vere i dei konkrete bedriftene/selskapa. Hausten 2022 var desse gjennomgåande gode, og vi har aldri hatt verkeleg dårlege tilbakemeldingar på slike opphald i studiets levetid. Det som kan variere er kor relevante studentane føler at

dei konkrete oppgåvene dei får i utplassering er for studiet og deira faglege utvikling. Dette er ofte avhengig av uforutsigbare faktorar, som f. eks. kva for produksjonar dei ulike selskapa har under utvikling i løpet av utplasseringsperioden. Dette er det ikkje alltid selskapa har oversikt over på førehand, og det kan vi heller ikkje rekne med at dei har i framtida. Breidda i selskapa vi utplasserer i har vorte større og større for kvart år. Med dette kullet og neste er vi endeleg skikkeleg kjende i dei store selskapa i Oslo.

MAN350 har sidan oppstarten vore tufta på eit stort skrivearbeid i masteroppgåvene, og var frå starten av dimensjonert med større veiledningsomfang enn andre oppgåver (på den tida då ambisjonane til instituttet var å få til ein annan finansieringskategori for utdanninga). Vi har utelatande gode tilbakemeldingar på veiledninga frå studentane, også i år, og dette har vi fått eit godt rykte for som studium. Veiledning føregår hovudsakleg fysisk, etter avtale mellom student og veileder, men ofte også digitalt, noko som gjer at vi kan gjere bruk av veiledere som ikkje nødvendigvis er basert i Bergen. Dette har vi i all hovudsak fått gode reaksjonar på. Digital kommunikasjon er ikkje alltid ideelt i pedagogisk samanheng, men akkurat one-on-one-veiledning får vi tilbakemeldingar om fungerer ganske bra, særleg om ein har hatt eit innleiande fysisk møte. Å gjere delvis bruk av slike møter gjer studentane og veilederane meir tilgjengelege for kvarandre, det blir lettare å få til ein avtale på kort varsel.

Sidan det ikkje er noko organisert undervisning å snakke om, får studentane verkeleg tid til fagleg fordjupning. Dette inneber også at dei ikkje nødvendigvis befinn seg i Bergen eller på studiestedet i heile studieåret. Fagansvarleg har jamnleg direkte kontakt med alle studentane i løpet av året, og "sjekkar inn" med dei om progresjon; likeeins har fagansvarleg jamnleg kontakt med alle veiledere (som er eksterne manusforfattarar). Dette har fungert godt. I studieåret 2023-2024 kjem vi likevel til å ta sikte på nokre fleire "plenumssamlingar" fysisk, særleg ved inngangen til året, fordi fagansvarleg opplever at det kan vere ein god måte å gi studieåret ei tydeleg retning på. Særleg vil det vere tenleg å ha nokre føringar på studentane sitt samarbeid / dialog med veiledere, og å etablere nokre milepæler som gjeld for alle på studiet. Dette tek vi sikte på å gjennomføre i august 2023.

Dette inngår i ei større endring av innretninga på MAN350. Sidan veiledningskomponenten har vist seg å vere svært ressurskrevjande, blir omfanget på masteroppgåvene kraftig no redusert, gjeldande frå og med kullet som blir teke opp hausten 2023 (og skal skrive oppgåver i 2024-2025). I samarbeid med bransjekoordinator kjem vi til å styrke bransjerelevansen på MAN350 med ulike komponentar og innslag i haustsemesteret frå og med hausten 2024. Denne justeringa er under arbeid. Hausten 2023 vil vi til dømes ha jamnlege bransjebesøk for begge kull – dette er eit nytt innslag.

Viktig her er også at NRKs dramasjef har ytra ønskje om å besøke studiet ikkje berre ein, men to gonger i løpet av studieåret. Dette setter vi stor pris på. Vi planlegger derfor ei slags "midtveisevaluering" av skriveprosjekta, med dramasjef inne to gonger på kvart prosjekt.

Sjølv om mengden på veiledning på studiet er kjend for å vere noko av det som gir det så sterk kvalitet, har større kontakt med bransjen – inkludert dramasjefens besøk,

og andre besøk vi no utreder – også vore etterspurt av studentar sidan vi starta opp. I studentevalueringar har MAN-MASV kome svært godt ut av det når studentar blir spurt kor bransjerelevant utdanninga er. Fagansvarleg har stor tru på at ei auka satsing på dette i løpet av neste studieår, og særleg det som følgjer, i samarbeid mellom fagansvarleg, faglærer og bransjekoordinator, vil bli opplevt som ei positiv utvikling av studiet, til same tid som det vil gjere det langt mindre ressurskrevande. Frå og med 2024-2025 vil veiledning på masteroppgåvene i hovudsak skje i vårsemesteret.

Bergen, 18. juni

Øyvind Vågnes, fagansvarleg